

## **10 Folkevalde**

Reelt forbruk per 31.07.2020 er om lag kr 900.000,- høgare enn budsjettet (ikkje ført pensjonsutgifter). Dette skuldast bl.a. rekruttering av kommunedirektør. Kostnad om lag kr 230.000,-. Budsjettet er kr 0,-. Kostnadar knytt til Korona som er ført her utgjer om lag kr 90.000,-. Kommunekompasset kr 190.000,-. Kostnadar knytt til kommunikasjon er om lag kr 100.000,- over budsjett (Framveb - live sending kommunestyremøter og Varsling 24). Møtegodtgjerdla er i overkant av kr 200.000,- høgare enn budsjettet per 31.07.2020 og tilsvarar om lag årsforbruket for heile 2019 (i overkant av kr 700.000,-). Ei prognose tilseier eit meirforbruk i 2020 på minst 1,0 mill kr.

## **12 Administrativ leiing**

Dette ansvarsområdet hadde om lag samsvar mellom rekneskap og budsjett per 31.07.2020. I august er meirforbruket om lag kr 150.000,-. Dette skuldast at to rådmenn/kommunedirektørar fekk si løn frå dette ansvaret. Avhengig av når dette blir endra vil meirforbruket bli mellom kr 170.000,- og kr 800.000,- i 2020

## **13 Servicetorget**

Avdelinga har eit mindreforbruk per 31.07.20 på om lag kr 320.000,-. Mykje av mindreforbruket skuldast refusjon sjukeløn (ikkje hatt kostnadar til vikar). Basert på forbruket i august vil ei prognose tilseie eit samla mindreforbruk per 31.12.2020 på om lag kr 400.000,-.

## **14 Dokumentsenter og politisk sekretariat**

MERK: Området inkluderer også innkjøp (ansvar 1243) og Stab leiing (ansvar 1245). Det vil dermed vere avvik knytt til dette. Rapporterer dermed for ansvar 1241.

### **Ansvar 1241:**

- Prognose per 31/12: ca. 5-10% mindreforbruk.
- Årsaka til mindreforbruk: Refusjonar og lågare forbruk på porto/kontormateriell/kursutgifter enn budsjettet.
- Kva tiltak kan gjerast for å auke mindreforbruket til 31/12?: Grunna små forhold og allereie låge kostnadar er det lite vår avdeling kan gjere for å ytterligare auke mindreforbruk. Men vi vil fortsetje med nøkternt forbruk og digitalisere der vi kan for å senke porto/kontormateriell.

Tek ein med dei to andre ansvara i dette området - stabsleiing og innkjøp vil den ende med balanse mellom budsjett og drift i 2020. Føresetnaden her er ei rammeinnsparing på 1,5 mill kr knytt til vakanse i stabsleiing og at innkjøp får overført midlar som budsjettet frå Eigedom og Anleggs- og driftsavdelinga (inn til kr 250.000,-).

## **15 Økonomiavdelinga**

Avdelinga er delt i to ansvar. Søre Sunnmøre Kemnerkontor vil få eit meirforbruk på om lag kr 420.000,- då det her ligg inne ei rammeinnsparing på kr 500.000,-. I tillegg vil gebyrinntektene på utleggsforretningane bli om lag 40.000,- lavare enn budsjettet.

På grunn av permisjon i delar av stillingsprosentane (totalt 30% av ei stilling) resten av året og pga ref sjukeløn (utan at dette er fullt ut dekt opp med vikarar) og lite innkjøp av varer og

inventar vil sjølve økonomiavdelinga ha eit mindreforbruk som minst tilsvarer "meirforbruket" i den andre avdelinga. Gitt at inntektene vert som budsjettert vil avdelinga samla sett levere eit mindreforbruk på minst kr 100.000,- i 2020.

### **16 Personal og organisasjonsavdelinga**

Ansvar for læringar har eit relativt stort meirforbruk. Dette skuldast dels at refusjon frå avdelingane ikkje har kome inn og at det ikkje er budsjettert med pensjonsordning for læringar frå 01.01.20. Læringar som er inne i verdiskapande del av lærlingeperioden (siste års læringar) skal det betalast pensjonsinnskott for (nytt frå 01.01.2020). Tala som rekneskapen viser, er noko høge og det blir undersøkt om det er betalt inn pensjon for alle læringar og ikkje berre dei som er siste års læringar.

Det er vanskeleg å komme med gode prognosar, men vi vurderer fortløpande kva som er tilrådeleg i forhold til budsjettet for å unngå eit negativt resultat. Ut i frå dei avvika som no ligg føre, og gitt at det ikkje oppstår uventa kostnader er målet å styret unna eit negativt resultat. Rekneskapen viser i dag eit negativt avvik på 6,29%. Vår prognose er samsvar mellom rekneskap og budsjett.

### **17 IKT**

Det aller meste av kostnadane knytt til IKT er kommunen sitt tilskott til SSIKT (93%). SSIKT har varsla at det kan kome til ekstra utgifter for den einskilde kommune knytt til Koronautbrotet. Skjer det vil ein ikkje få eit mindreforbruket på dette ansvarsområdet i 2020, men om den ekstra utbetalinga blir mindre enn kr 100.000,- vil ein oppnå balanse mellom rekneskap og budsjett per 31.12.2020.

### **18. Andre overføringar**

Grunnen til avviket mellom rekneskap og budsjett skuldast i all hovudsak feil periodisering.

Det mest usikre punktet er knytt til krisesenter og overgrepsmottak. Her har vi betalt akonto oppgjjer, men veit lite om kva effekt Koronasituasjonen har hatt på drifta av mottakssenteret.

Ut i frå det ein er kjent med per rapporteringsdato ser det ut til å bli vesentleg avvik mellom rekneskap og budsjett for 2020.

### **21 Barnehagar**

Område 21 har eit overforbruk på 1.692' Dette skuldast i hovudsak overføring av tilskot til private barnehagar pr. 1. juli for 3. kvartal. Det er ca 8. millionar kr som er forskottert, 4 mill pr mnd for august og for september. Barnehagane har også lavare foreldrebetaling enn budsjettert. Dette er grunna vedtak om redusert foreldrebetaling pga lav familieinntekt, samt det betalingsfritaket foreldre fekk då vi hadde nedstengte tilbod. Kommunen måtte betale ut full refusjon til dei private barnehagane, med ikkje alle manglande inntekter vart kompensert frå staten. Tapet må kommunen ta, jfr differansen mellom statleg tilskot og faktisk reduserte inntekter. Viser til sak om budsjettendring, der barnehageområdet får noko kompensasjon for reduserte inntekter den tida barnehagane var stengde.

Vi har fleire barn med store hjelpebehov i kommunen vår, og no i oppstarten av eit nytt år kan det kome fleire meldingar om auka behov. Vi vil ha betre oversikt på dette om 1 mnd.

Prognose: Vi er svært usikre på vikarutgiftene utover hausten i samband med forkjøling/testing for Covid19 og karantene. Målet er å levere eit resultat på budsjett, og vi gjer alt som er muleg for å greie det.

## **22 Grunnskular,PPT,Kulturskulen m.m.**

Område 22; grunnskulane, kulturskulen, kvalifiseringssenteret og PPT  
Netto forbruk pr 31.juli er 52,93%, mot 55,77% på same tid i 2019.

Samla utgifter pr 31.07. er 53,7% hittil i år, same som i fjor  
Lønnsutgifter 2,4 mill over budsjett. Må sjåast i samanheng med refusjon sjukelønn/foreldrepengar, som ligg 2,5 over budsjett. Må også relaterast til statlege vikarmidlar for tilsette på vidareutdanning, der vi har mottatt kr 900' for våren 2020.

Kjøp av varer og tenester viser eit mindreforbruk på ca 2 mill. Det er pr no kjøpt inn lite læremidlar for hausten 2020, pga det nye læreplanverket og behov for grundigare avsjekk av kvalitet på nye læremiddel.

Samla inntekter pr 31.07 er 57,19%, mot 46,78% på same tid i fjor.

Vi har mottatt inntekter på kr 4,1 mill over budsjett.

Dette er refusjon sjukelønn/foreldrepengar på 2,5 mill og statlege tilskot til vidareutdanning, læremiddel og norskopplæring.

Vi har lavare brukarbetaling pga reduserte tenester innan SFO og kulturskule i samband med nedstenginga i vår. Vi har elles ingen billettinntekter (kulturskulen) pga avlyste arrangement i vår.

Prognose: Vi ligg godt an med eit mindreforbruk på 4,7 mill pr no. Vi er svært usikre på vikarutgiftene utover hausten pga korona/karantene/isolasjon, og det at tilsette må vere heime ved luftvegssymptom. Vi reknar med høgare vikarutgifter enn normalt.

Det må også kjøpast inn læremiddel utover hausten, etter at læremiddelgruppene er ferdige med sine vurderingar. I tillegg til dette har vi takka ja til å ta mot ei familie flyktningar i juni, og er rigga for dette. Dei sit koronafast i utlandet, og vi veit ikkje kva tid dei kjem. Tilskotet kjem ved mottak.

Slik det ser ut pr no, trur vi det vert eit mindreforbruk, men størrelsen treng vi noko meir tid på fastsetje. Eit estimat kan vere ca 1 mill.

## **30 Helse og omsorg leiing**

Prognose per 31/12:

Det er forventa eit lite mindreforbruk på mellom 50.000-70.000,- på dette ansvarsområdet, trass innsparing på 40.000 som vart lagt inn her.

Årsak til mindreforbruk/meirforbruk:

Det er førebels eit lite meirforbruk. Dette skuldast at løn til koordinator i 7-stjerna helse og omsorg vert løna i Herøy. Refusjon frå dei andre kommunane kjem inn på slutten av året. 6/7 delar av meirutgifta vert difor kompensert.

Tiltak for å redusere meirforbruk/auke mindreforbruk:

Alle reiser, kurs og møteverksemd har vore avlyst, utsatt eller digitale sidan mars.

### **31 Barn, familie og helseavdelinga**

Prognose per 31/12:

Avdelinga har samla sett meldt inn eit forventa negativt avvik på vel 5,5 million. Dette er fordelt slik på seksjonsnivå:

Eit meirforbruk på legetenesta på ca 2,9 million (det meste knytt til tiltak under korona og prosjektnummer 7000)

Eit meirforbruk på sosialhjelp på 2,0 million i høve til Herøy kommune sitt samla budsjett til sosialhjelp (dette inkluderer det som er budsjettert på oppvekst sitt budsjett)

Rammekuttet fordelt til barn, familie og helse på 1.660.00,-

Det er forventa mindreforbruk i desse seksjonane:

Helsestasjon har hatt vakanse i stilling, og forventar eit mindreforbruk på 616.000,-

Psykisk helse og rus forventar eit mindreforbruk på grunn av vakanse i stilling på 400.000,-

Desse seksjonane er forventa å gå i balanse:

Barnevern

Rehabilitering

Årsaka til meirforbruk/mindreforbruk

Legetenester: Koronarelatert pr. 20.08.20: 3,6 mill, av dette legevakt 1,7 mill (3132) (pr. 20.08.20).

Følgande tiltak har gitt ekstrakostnader:

- Fast lønn legar (fastlegepraksis).

- Fast lønn legevakt - avtalar til 30.sept.

- Kst. smittevernoverlege

- Hjelpepersonell på legevakt:

- Noko ekstra innleige av hjelpepersonell på legekontora + legevaktsleiar; ikkje betydelege beløp

Ikkje alle inntekter (refusjonar frå legane) er komne inn, særleg gjeld det legevakt.

Uteståande er usikker, men truleg kring kr. 600.000

Sande kommune er ikkje fakturert for 2.kvartal. Har blitt fakturert for Kr. 480.000 for første kvartal (2.kvartal blir fakturert i desse dagar)

Kommuneoverlegestillinga: Legg til grunn vakanse i 2 mndr: innsparing på kr. 380.000

Herøy kommune har søkt om Fylkesmannen om skjønnsmidlar med bakgrunn i dei auka utgiftene knytt til korona, men førebels har vi ikkje fått noko tilbakemelding om ev tildeling.

Det er difor usikkert om vi får noko av dette kompensert.

NAV: Det ser ut for at vi vil få eit relativt stort overforbruk. Det er budsjettert med 4,7 mill i sosialhjelp og hittil i år har vi brukt 5,2. Samanlikna med 2019 ligg vi an til at utbetalingane til sosialhjelp vil ligge rundt 7-8 mill ved årsslutt. Det vil då vere omtrent på samme nivå som i 2019, men likevel ca 2 mill under 2018 nivå. Korona har ikkje slått så hardt inn som ein frykta, men krevande arbeidsliv gjer at det er vanskeleg å få sosialhjelpsmottakarar over på

tiltak

Ein del av budsjettmidlane til sosialhjelp i Herøy (1,3 million) som gjeld flyktning, er budsjettert på oppvekst. Kostnaden vert rekneskapsført på NAV sitt budsjett, så har må vi ha ei overflytting/ompostering av budsjettmidlane til tilsvarande ansvar for utgift.

Barnevern ligg med eit underforbruk pr. første halvår. Det vil kome to omfattande tiltak, som gjer at seksjonen likevel ligg an til å kome ut i balanse/null, men det er ikkje forventa overforbruk

Underforbruk helsestasjon/jordmor: vakant 0,8 stilling totalt på årsbasis = kr. 616.000

Underforbruk psykisk helse og rus: Vakant kommunepsykolog 3 mndr = kr. 400.000

Kva tiltak kan gjerast for å redusere meirforbruket/auke mindreforbruket til 31/12:

- Vurdere om fast lønn legevakt kan fortsette, ev. justere ned timesbetaling som i dag ligg høgt
- Nav har auka kompetansen på økonomisk rådgjeving, noko som kan vere med på å redusere behov for sosialhjelp, ved at personar meistrar betre eigen økonomisk situasjon.
- Utover dette er det reduksjon i stillingar som er aktuelt/relevant

### **32 Pleie- og omsorgsavdelinga**

Prognose 31/12:

Avdelinga melder om eit estimert overforbruk på ca 3,5%, noko som vil seie at avdelinga ikkje greier å innfri rammekuttet på 4 330 000,- som er lagt til pleie og omsorg.

Årsak til meirforbruk/mindreforbruk:

Lønn: Forbruk lønn ligg på 57,5% noko som er 3% høgare enn forventa 6/11 av samla budsjettmidlar lønn. Trekkast refusjon sjukeløn frå er overforbruken 0,5%. Kommenterar til forbruk av lønnsmidlar:

- alle seksjonar har meirforbruk på lønn knytt til ekstrainnleige ved frávær og smitteverntiltak rundt Covid-19 pandemien. Utskrift frå lønssystemet viser eit meirforbruk på 739 460,- hittil i år. Det er enno usikkert i kva grad desse utgiftene vert refunderte. Det er søkt om skjønnsmidlar til Fylkesmannen knytt til koronautgiftene, men det er førebels ikkje kome noko respons knytt til denne.
- det er press på tenestene, og som siste halvår 2019 er det fortsatt mange ressurskrevande brukarar over 67 som treng 1:1 bemanning delar av døgnnet i sjukeheimar og omsorgsbustadar
- demens og alderspsykiatrisk team brukar ressursar i storleik 20% meir for å gje forsvarlege tenester. Det er auke i pasientar med rusrelaterte utfordringar som no får tenester frå pleie og omsorg og ikkje barn, familie og helse grunna alder.
- det er overforbruk i heimetenestene på grunn av auke i pasientgrunnlaget
- overforbruk overtid, noko knytt til Covid-19

Innkjøp: Det vart i 2019 jobba godt med innkjøp, for å finne produkt med lågast mogleg kostnad

- Medikament: skifte av leverandør senka kostnadar kraftig. Midlar vart flytta til andre budsjettpostar med meirforbruk

- Medisinske forbruksvarer: forbruk på 90% av budsjetterte midlar, altså 22% over forventa. 225 000,- av dette er Covid-19 relaterte. Resten er knytte til prisauke, spesielt på innkjøp kjøkken.
- Årsavgift og forsikring: forbruk på 90 500,- samla i PO på ein post utan budsjetterte midlar. Dette er rapportert om i 2019. Utgiftene høyrer til tenestekoordinering.
- Vaskeritenester: i budsjettprosessen gjorde flytting av midlar at vi no har eit meir realistisk budsjett, men store utgifter knytte til Covid 19 gjer at det likevel ikkje er i balanse. Det arbeidast med reduksjon i sortiment og alternative løysingar for vaskeritenester.
- Kjøp frå andre: aukande utgifter til leverandørar av BPA tenester

Inntekter: inntektene til PO er vederlag og salsinntekter, i tillegg til refusjon sjukelønn og refusjonar for ressurskrevande brukarar frå staten

- Vederlag: inntekter i form av vederlag var aukande på slutten av året 2019, det vart tatt høgde for dette i budsjettarbeidet, men ein ser no vidare auke som gjer at det er rom for ei budsjettjustering på denne posten. Vi manglar vederlag for juli og periodiserer med dagens nivå, som er 1 300 000,- for ein mnd.
- Refusjon sjukelønn er handsama under rapportering på lønn

Tiltak for å redusere meirforbruk/auke mindreforbruk:

- omorgansiering av heimetenestene til arbeidslag, ein del av prosessen er tidsmåling for å bruke ressursane rett, med mål 50% ATA tid (ansikt-til-ansikt, altså pasientnær tid)
- bemanningsteam, oppstart april 2020
- arbeid med tøysortiment
- overgang til el bilar i heimetenesta ved inngåing av nye avtalar haust 2020 6 bilar og vår 2021 3 bilar
- økonomi er tema på kvart leiarmøte

### **33 Bu- og habiliteringsavdelinga**

Prognose 31.12

Meirforbruket vert estimert til 2,2 million basert på utviklinga i 2020, samanlikna med 2019 på same tid. Dette er inkludert rammekuttet som er lagt til bu og habiliteringsavdelinga på 1.750.000,-

Årsaka til meirforbruk/mindreforbruk

Avdelinga har meldt om høgare drift knytt til enkeltvedtak. Oversikt over status i denne avdelinga vart lagt fram for helse og omsorgsutvalet no i august. Sett i lys av mangel på driftsmidlar i budsjettet og rammekuttet som er lagt til avdelinga, vert det arbeidd hardt for å redusere det negative avviket. Om dette held seg oppe vil avviket bli betydeleg lågare enn 2019 og tidlegare meldt i 2020.

Tiltak som vert gjort for å redusere meirforbruk/auke mindreforbruk:

Innleige av vakter berre der det er naudsynt.

Fokus på nærvær.

Det vert arbeidd for å redusere bruk av overtid.

### **35 Tenestekoordinering**

Prognose per 31/12

- Samla sett er prognosen balanse, med tanke på innsparingskrav og meirforbruket knytt til koronautgifter i teknisk drift. I løpet av hausten får vi fulldigitalisert pasientvarslingsanlegg på omsorgssentera, og fulldigitalisert tryggleiksalarmsystemet. Dette gir ei auke i lisensar på ca 300.000 per kalenderår. Siste åra har vi hatt gode salsinntekter knytt til alarmane, slik at utgifta vert truleg jamna ut av inntektene når det gjeld så få månadar.

Årsak til meirforbruk/mindreforbruk

- Mindreforbruk per juli 2020 på 240.000, men med innsparingskrav på 220.000 er TK i balanse
- Årsak til mindreforbruket på 3511 er innsparing på løn. Det er ikkje leigd inn vikar ved langtidssjukefråvær i vinter, og avdelingsleiar er frikjøpt 20% til Sjustjerna
- 3512 er i balanse, men har ofte mindreforbruk på denne tida av året. Dei har hatt ca 280.000 i meirutgifter knytt til korona.
- 3513 (helseplattformen) er i balanse

Tiltak for å redusere meirforbruk/ auke mindreforbruk

- det blir lite kursverksemd og reiseutgifter i 2020 på grunn av korona
- ikkje leige inn ved sjukefråvær der det er forsvarleg
- dialog med økonomileiar og revisor om kva som kan førast på investering

### **40 Kulturavdelinga**

Kommunalsjefen vil vise til at revidert budsjett hittil i år i tabellen overfor må reduserast frå kr 6 132 til kr 5 428 000 - noko som gir eit mindreforbruk på kr 355. Dette etter følgjande korrigeringar:

- feilperiodisernt på kontopostn 16900 fordelte utgifter kr 372 000
- ikkje påløpte lønsutgifter m.m. til UFO-ordninga med kr 332 500

Av andre vesentlege avvik som påverkar rapporteringa, er eit meirforbruk på ansvaret som knytter seg til kinodrifta på meir enn kr 600.000 og dette er meldt inn som ekstrautgifter i høve pandemien, og som blir det å sjå om kinodrifta hausten 2020 vil kunne sikre at meirforbruket ikkje auker. Vidare blir det slik at aktivitetet på konserthuset er avgjerande for resultatet, sjølv om kommunalsjefen vurderer det at dette kan gå begge vegar - på grunn av eventuelle smitteverntiltak med avgrensingar opp i mot tal på publikum på arrangementa.

Kommunalsjefen legg til grunn ei prognose pr 31. desember 2020 på kr 300.000 i mindreforbruk på grunn sen oppstart av UFO-ordninga

### **50 Utviklingsavdelinga**

Kommunalsjefen vil vise til at revidert budsjett hittil i år i tabellen overfor må reduserast frå kr 2.762 til kr 2.247, noko som gir eit meirforbruk på kr 694 000. Dette etter følgjande korrigeringar:

- feilperiodisering på konto 18900 med ein reduksjon på kr 515.000

Kommunalsjefen legg til grunn ei prognose pr 31. desember 2020 på kr 2.500.000, som er knytt til det ikkje spesifiserte rammekuttet på kr 3.000.000.

#### Landbruksavdelinga:

Kommunalsjefen vil vise til at revidert budsjett hittil i år i tabellen overfor må reduserast frå kr 871.000 til kr 812.000 noko som gir eit mindreforbruk på kr 110.000. Dette etter følgjande korrigeringar:

- feilperiodisering på konto 17500 med refusjonar på kr 58 500
- feilperiodisering på konto 12600 reinhald og vaktmeistertenester på kr 29 738

Kommunalsjefen legg til grunn ei prognose pr 31. desember 2020 på kr 60 000 på grunn av lågare forbruk på reiseutgifter og kursutgifter, knytt til redusert aktivitet på grunn av pandemien

#### 51 Anleggs- og driftsavdelinga

Kommunalsjefen vil vise til at revidert budsjett hittil i år i tabellen overfor må reduserast frå kr 6.298 til kr 5.698 - noko som gir eit mindreforbruk på kr 355. Dette etter følgjande korrigeringar:

- feilperiodisering på ansvar 5113 med kr -200.000
- feilperiodisering på ansvar 5122 med kr 1.200.000
- feilperiodisering på ansvar 5131 med kr -400.000
- = Totalt korrigering av periodiserin på kr 600.000

Kommunalsjefen legg til grunn ei prognose pr 31. desember 2020 på eit budsjett i balanse - dog med kr 400.000 i meirforbruk på ansvar 5121 for veglys og kr 400.000 i mindreforbruk på ansvar 5122 for vegvedlikehald.

#### 55 Brannvern og feiing

Kommunalsjefen vil vise til at revidert budsjett hittil i år i tabellen overfor må reduserast frå kr 5.282 til kr 4.872, noko som gir eit meirforbruk på på kr 410. Dette etter følgjande korrigeringar:

- feilperiodiserng på kontopost 13750 med kjøp frå IKS kr 410 000

Kommunalsjefen legg til grunn ei prognose pr 31. desember 2020 med eit budsjett i balanse, men dette føreset inntekter frå Vanylven kommune samt fordelte utgifter til ansvar 5062 som i fjor. Vidare vil det vere ei føresetnad at det ikkje oppstår uføresette hendingar.

#### 60 Eigedomsavdelinga

Eigedomsavdelinga arbeider ut i frå at vi i år går i balanse ved årsslutt., jf. rapporteringsperioda 202007 med tilhøyrande årsprognose,

Vi har omdisponert budsjettmidlar internt i avdelinga for å redusere risikoen for meirforbruk. Dette innebær fyrst og fremst at planlagt vedlikehald ikkje lenger er eit tema då alle budsjettmidlar er overført til uføresett byggdrift. Dette gir oss større moglegheit til å gjennomføre tiltak, men likevel ha midlar til uføresette oppdrag.

Året 2020 har til no vore svært krevjande for avdelinga, fyrst og fremst i form av relativt stort sjukefråvær. Dette påverkar gjennomføringsevna som igjen også reduserer utgiftsbruken. Ser vi på inntektssidene prioriterer vi å sikre husleigeinntekter for kommunale bustadar.

### **90 Renter, avdrag, skatt, rammetilskott, pensjon, avskrivningar, interne finanstransaksjonar m.m.**

Ansvar 9011 - Renter m.m.

Eit raskt oversyn tilseier reduserte rentekostnadar med om lag 2,8 mill, auka aksjeutbytte frå tussa med 0,8 mill og reduserte renteinntekter med om lag 1,1 mill kr - totalt 2,5 mill kr i reduserte netto utgifter.

Ansvar 9012 - Aktiv forvlatning

Eit mareritt hittil i 2020. Totalt 80,0 mill kr forvalt i aksjar, aksjefond, obligasjonar og pengemarknadsfond har per 31.07.2020 ei negativ avkastning på 2,2% eller 1,7 mill kr medan vi i same periode har budsjettert med ei avkastning på nær 2,6 mill per 31.07 (4,5 mill på årsbasis). Ei framleis positiv utvikling på Oslo Børs kan redusere dagens mindreinntekter på totalt 4,3 mill kr ein god del. Slik det er per i dag så er det utviklinga i einskildaksjar som har vore særns negativ for vår del.

Ansvar 9013 - Skatt og rammetilskott

Vi har budsjettert med skatteinntekter på 299,7 mill kr og 215,3 mill - totalt 515,0 mill kr. Skatteinntektene på landsbasis er lavare enn føresetnadane i statsbudsjettet. Med ei skatteinntekt i 2020 på 299,7 mill kr er rammetilskottet redusert til 210,1 mill kr. Grunnen er høgare trekk i det inntektsutjamnande tilskotet. Vert skatteinntektene 290,0 mill kr blir rammetilskotet 215,9 mill kr - totalt 505,9 mill kr - dvs om lag 9,0 mill lavare enn i opprinneleg budsjett. Litt av dette kan kompenseraast med ekstra korona tilskott. Totalt har vi motteke 15,6 mill i slike tilskott, men mykje av desse midlane er avsett til ulike føremål (kompensasjon av inntektsbortfall, vedlikehald osv).

Vi har fått nær 15,6 mill kr i ekstra tilskott via rammetilskottet hittil i 2020. Mykje av dette er Koronarelatert og minimum 6,7 mill av desse midlane skal fordelast ut på avdelingane. Då har ein ikkje vurdert auka ramme til avdelingar med store meirkostnadar knytt til Korona.

Ansvar 9014 - Avskrivningar og Ansvar 9015 Husbanken

Vi ikkje bli vesentleg avvik mellom rekneskap og budsjett

Ansvar 9016 - Pensjon

Netto inntektsført i overkant av 22,2 mill kr i pensjonsavvik og amortisering av pensjonsavvik. Spannande å sjå kor ein endar opp. Skal kunne få avklart noko av dette til budsjettkontrollen per 31.08

Ansvar 9017 - Interne finanstransaksjonar

Her har vi budsjettert med 14,65 mill kr i bruk av disp fond.

Vanskeleg med ei prognose her. Føreset ein at inntil 8,0 mill kr av Koronatilskota vert verande på ansvar 9013 (ikkje blir fordelt ut på sektorane) og at utvikliga innan aktiv forvaltning betrar seg framover, samt at samla skatt ramme blir 510,0 (eks korona) mill kr bør ein få eit mindreforbruk her på mellom 3,0 og 6,0 mill kr.